


Vestre Slidre kommune

STAB

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO



<i>Saksnr.</i>	<i>Journalpost</i>	<i>Arkiv:</i>	<i>Saksbehandlar</i>	<i>Vår dato:</i>
11/121	11/532	232	FUGELI	21.02.2011

Uttale vedrørende kommunane sin innsynrett i grunnlaget for eigedomsskatt på kraftproduksjonsanlegg.

Vestre Slidre kommune viser til uttale frå Landssamanslutninga for Vasskraftkommunar (LVK) vedrørende manglande innsynsrett i grunnlaget for eigedomsskatt på kraftproduksjonsanlegg.

Kvart år mottek Vestre Slidre kommune ei liste frå Sentralskattekontoret for storbedrifter over alle kraftproduksjonsanlegga som er eigedomsskattepliktige til kommunen. Lista inneheld informasjon om eigedomsskattegrunnlaget i kommunen. Pr i dag har kommunen ikkje innsynsrett i korleis skattekontoret har kome fram til desse takstane.

Vestre Slidre kommune har nytta LVK som konsulent i slike saker, og får opplyst frå dei at dei har funne avvik mellom eigne utrekningar og lista frå skattekontoret. Utan innsyn i grunnlaget for utrekningane blir det uråd å kontrollere om eigedomsskattegrunnlaget til kraftproduksjonsbedrifter er rett. Kommunen støttar difor LVK og bed departementet gje berørte kommunar innsyn i likninga til kraftproduksjonsverksemdar som er eigedomsskattepliktige til kommunen.

Med helsing

Eivind Brenna
Eivind Brenna
Ordførar

Lars Kvissel
Lars Kvissel
Varaordførar

Eli Marit Fuglestad
Eli Marit Fuglestad
Økonomisjef